Artec As
Damsgårdsveien 135
5160 Laksevåg

Vår ref.	Dykkar ref.	Sakshandsamar	Direktenr	Arkiv	Dato
25/240 - 9	f7676e39-bb52-4d16-831b-57feff677cf3	Sebastian Hjertager Lund		K2-L42, GNR BNR-18/101	06.02.2026

Vedtaksbrev - Søknad om dispensasjon på gnr 18 bnr 101, Farnesvegen 32, Årdal VGS

Det er gjort følgjande vedtak i saka:
Formannskapet - 010/26

Klagerett:
Vedtaket kan etter forvaltningslova § 27 tredje ledd påklagast. Klagefristen er 3 veker frå De er kjent med vedtaket.
Sjå elles orientering om klageretten i vedlagde skjema.

Klage sendast til:
Årdal kommune
Statsråd Evensensveg 4
6885 Årdalstangen

Med helsing
Årdal kommune

Sebastian Hjertager Lund
Kommuneplanleggjar

Årdal kommune

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
010/26	Formannskapet	05.02.2026

Sakshandsamar: Sebastian Hjertager Lund **Arkiv:** **Arkivsak**: 25/240 - Ugyldig flettefelt

Søknad om dispensasjon på gnr 18 bnr 101, Farnesvegen 32, Årdal VGS

Saka gjeld
Artec søkjer på vegne av Vestland fylkeskommune om dispensasjon frå byggegrensa mot kommunal veg jf. pbl. § 29-4 jf. §§ 29 og 30 i veglova for montering av solcellepanel på Farnesvegen 32, Årdal VGS.

Bakgrunn
Det vert søkt om å dispensera frå byggegrensa mot kommunal veg for montering av solcellepanel på Årdal VGS. Bakgrunnen for søknaden er å oppnå kommunane sin miljø- og klimastrategi.

Solcellepanelene skal plasserast på den nordlege delen av bygget mot Farnesvegen. Det er planlagd fem «soner» med totalt 220 stk. solcellepanel. I søknaden opplysast det at det totale omfanget for prosjektet ikkje er prosjektert i detalj. Det vert difor søkt om eit maksimalt omfang i påvente av at det endelege prosjektet avklarast.

Søknaden er grunna i:
Solcellene planleggjast montert systematisk og ryddig på tilgjengelege takflater. Dei får ein matt overflate som harmonerar godt med eksisterade taktekking, og vil framstå diskret og ikkje visuelt dominerande, korkje for nærliggjande bustadar eller i større fjernverknadsperspektiv. Tiltaket fører ikkje med seg nokon negative konsekvensar for trafikktyggleik, siktlinjar eller framkommelegheit langs vegen. Vidare bidreg tiltaket til reduserte klimagassutslepp, lågare energikostnadar og meir berekrafteg drift av skulebygget. Tiltaket er motivert av både miljø- og økonomiske omsyn, og inngår som ein del av fylkeskommunens heilheitlege klima- og miljøstrategi.



Drøfting
Det søkjast å dispensera frå byggegrensa mot veg jf. pbl. § 29-4 jf. §§ 29 og 30 i veglova. Bakgrunnen for søknaden er oppføring av takmonterte solcellepanel på Årdal VGS. Solcellepanela skal plasserast på den nordlege delen av bygget, der delar av tiltaket kjem om lag 11-12 meter frå den kommunale vegen.

For at kommunen skal kunne innvilge søknad om dispensasjon må omsynet bak føresegna det søkjast å dispensera frå ikkje verte vesentleg tilsidesett. Det må òg ligg føre ein klar overvekt av fordelar som talar for å gje dispensasjon.

Avstandskravet i pbl. § 29-4 jf. §§ 29 og 30 i veglova har som føremål å sikre tilgjenge til drift og vedlikehald, ivareta siktsonar og ivareta trygg trafikkavvikling. Bygg og konstruksjonar kan ikkje plasserast nærmare enn 15 meter til kommunal veg, dersom anna ikkje går fram i reguleringsplan.

Kommunen vurderer at solcellepanelene ikkje vil medføre nokon negative konsekvensar, korkje for avstandsvernet eller for sikt- og tryggleikstilhøva på vegen. Panelene skal monterast på taket og kjem ikkje i konflikt med siktlinjar på vegen. Det vert òg truleg plassert utanfor synsfeltet frå bakkenivå. At panelene skal plasserast på taket medfører òg at dei i liten grad vil kome i konflikt med det estetiske utrykket på staden.

Slik saka ligg føre vurderer kommunedirektøren at begge vilkåra – vesentleg tilsidesetting og overvekt av fordelar er oppfylte.

Økonomi
Ikkje vurdert

Folkehelseperspektiv
Ikkje vurdert

Miljø
Det er registrert to raudlista artar i nærleiken av tiltaksområdet – Taksvale på turstien langs Utla og Gråspurv på taket til ungdomsskulen aust for tiltaksområdet. Med omsyn til områdets

urbane karakter, og at det er tale om ein fugl med stor forflyttningsevne, vurderer kommunen at tiltaket ikkje vil vere i konflikt med dei to artane.
Grunna at naturmangfald ikkje blir påverka av tiltaket, og det ikkje kan påvisast effekt av tiltaket på verdifull natur, legger kommunen til grunn at det ikkje er naudsynt å gjere vurderingar etter dei andre miljøprinsippa i naturmangfaldlova §§ 9-12.

Behov for klimatilpassing
Tomta ligg ikkje innanfor nokon kartlagde faresoner jf. faresonekart hjå NVE.
Delar av tomta/bygningsmassen ligg innanfor aktsomheitsområde for kvikkleire, medan sjølva tiltaksområdet ligg utanfor. Det skal ikkje gjennomførast noko graving eller terrenginngrep, og tiltaka skal førast opp på eksisterande bygningsmasse. Med omsyn til ovannemnde vurderast det at tiltaka vil medføre liten til ingen påverknad på områdestabiliteten. Krava i TEK17 kap. 7 er vurdert til verte ivareteken.

Juridisk vurdering
Saka er vurdert til å ikkje medføre nokon juridiske konsekvensar.

Pro et contra
Pro:
- Panelar i matt utførelse, ikkje i konflikt med estetikk
- Ingen negative konsekvensar for den kommunale vegen
- Lågare energikostnadar, berekraftig drift og lågare klimagassutslepp

Contra:
- Bygging innanfor byggegrensa mot veg

Tilråding:
Formannskapet finn, på bakgrunn av det som går fram av saka, at vilkåra for å gje dispensasjon er oppfylte. Formannskapet gjev i tråd med pbl. § 19-2 dispensasjon frå byggegrensa mot kommunal veg for montering av takmonterte solcellepanel.

05.02.2026 Formannskapet

Geir Kjetil Øvstetun, AP ba om vurdering på habilitet som rektor ved Årdal Vidaregåande Skule.
Tilråding er at representanten er habil, da det ikkje er noko personleg vinning i dispensasjonssøknaden.
Samrøystes.

Tilråding vart teken opp til røysting.
Samrøystes.

Fskap - 010/26 Vedtak
Formannskapet finn, på bakgrunn av det som går fram av saka, at vilkåra for å gje dispensasjon er oppfylte. Formannskapet gjev i tråd med pbl. § 19-2 dispensasjon frå byggegrensa mot kommunal veg for montering av takmonterte solcellepanel.

Vedlegg:
Søknad om dispensasjon frå veg
Situasjonskart ny
Tegning ny fasade - Fasade vest og nord
Tegning ny fasade - Fasade øst og sør
Tegning ny plan - E4 Takplan
Tegning nytt snitt - E1 Snitt a og b
Dispensasjon veggrense
Nabovarsel
Nabomerknader - Løkjane Ii Borettslag